

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Prosjektstyret - Fagskolen i Vestland
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte
<b>Dato:</b>	28. mai 2021
<b>Tid:</b>	10.00 – 13:00

Oppmodar om at avklaring av habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i prosjektstyret ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [post.fih@vlfk.no](mailto:post.fih@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

- Kl. 10:00 Velkomen ved Prosjektstyreleiar
- Kl. 10:10 Orientering om status v/Prosjektretor
- Kl. 10:30 Sakshandsaming

**Emil Gadolin**

Prosjektstyreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 06/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2021/753	
GK 07/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 23.04.2021	2021/753	
	<b>Vedtaksaker</b>		
VS 02/21	Honorar for studentar knytt til arbeid med studentdemokratiet	2021/753	
VS 03/21	Overordna prinsipp for organisering og leiarstruktur	2021/753	
VS 04/21	Namn på den nye Fagskulen i Vestland	2021/753	
VS 05/21	Vedtak om å sende forskrifter for Fagskulen i Vestland på høyring	2021/753	

---

**Saksnr:** 2021/753-10  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Prosjektstyret for Fagskolen i Vestland	VS 02/21	28.05.2021

**Honorar for studentar knytt til arbeid med studentdemokratiet**

Forslag til vedtak

1. Prosjektstyret vedtek eit årleg honorar for studentrådsleiar ved Fagskolen i Vestland på 70 00 kroner som vert betalt ut som ein delsum kvart semester.
2. Prosjektstyret ber prosjektrektor kome tilbake med eit mandat for studentrådsleiar for Fagskolen i Vestland.

**Samandrag**

Studentrådsleiar ved Fagskolen i Hordaland, som også er medlem av styret for Fagskolen i Hordaland og prosjektstyret for Fagskolen i Vestland, har meldt inn ei sak om løn eller kompensasjon for arbeidet som studentrådsleiar. Prosjektrektor støttar forslaget om kompensasjon for arbeidet som studentrådsleiar, men vil tilrå at det vert betala ut eit fast honorar i staden for å etablere eit tilsettingsforhald.

Torbjørn Mjelstad  
prosjektrektor, Fagskolen i Vestland

Adeline Berntsen Landro  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Studentrådsleiar ved Fagskolen i Hordaland, som også er medlem av styret for Fagskolen i Hordaland og prosjektstyret for Fagskolen i Vestland, har meldt inn ei sak om løn eller kompensasjon for arbeidet som studentrådsleiar.

Bakgrunnen får ønsket er at det er mykje arbeid å vere studentrådsleiar for ein stor fagskule som har mange studiestader. Den nye fagskulen vil ha studentar ved 8 studiestader, og det er viktig at det vert arbeidd med å sikre eit godt studentdemokrati som famnar om heile skulen.

Noverande studentrådsleiar ved Fagskolen i Hordaland, og tidlegare studentrådsleiarar, har arbeidd aktivt for å skape medverknad ved alle studiestadene, og dette har gjeve resultat.

Styret ved Fagskolen i Viken har handsama ei sak om løn og honorar til studentar som tek på seg ulike oppgåver, eller har ulike verv. Døme på verv kan være medlem av lokal klagenemnd eller skikkanemnd med meir. Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane har allereie fastsette satsar for møtegodtgjersle ved verva som her vert nemnt.

Fagskolen i Viken har oppretta ei stilling i 20 % for skulen sin studentrådsleiar, og studentrådsleiar ved Fagskolen i Hordaland foreslår ei lik ordning. Prosjektrector støttar forslaget om kompensasjon for arbeidet som studentrådsleiar, men vil tilrå at det ikkje vert oppretta ei stilling for studentrådsleiar ved Fagskolen i Vestland. I staden vert det føreslått at det vert gjeve eit fast årshonorar. Bakgrunnen for dette er at studentrådsleiar skal vere uavhengig og ikkje ha bindingar til skulen. Ein kan sjølv sagt gjennom tilsettinga spesifisere at studentrådsleiar ikkje kan instruerast i sitt virke, men det vil likevel vere ryddigare at det ikkje er eit tilsettingsforhald ved skulen.

Vidare vil prosjektrector tilrå eit årleg honorar for studentrådsleiar på 70 000 kroner som svarar til ei 20 % stilling med ei årsløn på 350 000 kroner. Ein studentrådsleiar vert valt for eitt skuleår av gongen og honoraret kan såleis betalast ut fordelt på kvart semester.

Prosjektrector kjem tilbake med eit mandat for studentrådsleiar for Fagskolen i Vestland.

### Vedtakskompetanse

Jf. fagskulelova § 14 andre ledd skal styret legge forholda til rette for at studentorganet kan drive sitt arbeid på ein tilfredsstillande måte.

### Konklusjon

Prosjektrector tilrår at det vert fastsett eit årleg honorar for studentrådsleiar på 70 000 kroner, og at honoraret vert betala ut med 35 000 kroner kvart semester.

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland	VS 03/21	28.05.2021

## Overordna prinsipp for organisering og leiarstruktur

### Forslag til vedtak

1. Prosjektstyret vedtek følgjande overordna prinsipp for organisering og leiarstruktur for Fagskulen i Vestland:

- 1) Øvste leiing skal bestå av ei strategisk leiargruppe med:
  - a. Rektor
  - b. Prorektor for utdanning
  - c. Prorektor for organisasjon og samhandling
- 2) Fagleg linjeleiing med utdanningsleiarar under prorektor for utdanning. Utdanningsleiarane skal ha fagleg ansvar knytt til eit overordna fagområde.
- 3) Stab og leiar for studieadministrasjon under prorektor Organisasjon og samhandling.
- 4) Rektor skal sørge for stadleg leiing ved studiestader som har fast tilsette.

2. Prosjektstyret vedtek at:

- det skal vere eit prinsipp å arbeide for å oppnå god kjønnsbalanse i leiinga ved den nye fagskulen.
- det vert greidd ut om det bør vere åremålstilsetting av rektoratet.

3. Prosess for tilsetting av leiarar vert vedteke som følgjer:

- Prorektorstillingane blir lyst ut, og det blir vurdert fortrinn. Prorektorane vert tilsett av prosjektsstyret saman med rektor og skuleeigar (HR).
- Utdanningsleiarstillingane blir lyst ut og det blir vurdert fortrinn. Utdanningsleiarane blir tilsett av rektor og prorektor for utdanning.
- Det blir etablert eit omstillingsutval (OMU) før sumaren for drøftingssaker i samband med samanslåinga for å sikre ein god omstillingsprosess.
- Fortrinnsrett må vurderast av HR-seksjonen.

## Samandrag

I samband med samanslåinga vedtok Vestland fylkeskommune mandat for prosjektstyre i fylkestinget 29.09.2020 – sak PS 110/2020. Av mandatet kjem det mellom anna fram følgjande:

«Prosjektstyret skal i samarbeid med prosjektrektor fastslå dei overordna prinsippa for organisasjonsstrukturen i den nye fagskulen.»

Prosjektretor legg i denne saka til grunn at overordna prinsipp for organisasjonsstruktur for den nye fagskulen omhandlar eit overordna organisasjonskart som synleggjer linjestyringa i organisasjonen, samt overordna fordeling og delegasjon av mynde.

**Torbjørn Mjelstad**  
prosjektretor, Fagskulen i Vestland

**Adeline Berntsen Landro**  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert prosjektrektor si tilråding til prinsipp for overordna organisering og leiarstruktur for Fagskulen i Vestland lagt fram. Først vert det vist ei oversikt av dei to fagskulane i dag i høve til utdanningar og tilsette, samt søkjartala våren 2021. Deretter vert det gjeve ei oppsummering av tidlegare drøftingsnotat om organisering før det vert gjort greie for endeleg tilråding.

Den nye Fagskulen i Vestland vil bli ein stor skule med 8 studiestader som har stor geografisk spreining. Det vil til saman vere om lag 170 tilsette ved den nye skulen. I tabell 1 under vert det vist ei oversikt over dei to fagskulane i dag i høve til aktive utdanningar, tal på klassar, tilsette, leing og administrasjon ved dei einskilde studiestadene inneverande skuleår.

		Tal utdanningar (aktive)	Tal klassar	Tal leiarar	Tal fagleg tilsette (innleige)	Tal adm./stab tilsette
<b>Fagskulen i Sogn og Fjordane</b>	<b>Førde</b>	<b>7</b>	<b>23</b>	<b>2</b>	<b>16</b>	<b>1</b>
	Maskinteknikk		4		3 (1)	
	Elkraft/Automasjon		7		4	
	Bygg/Anlegg/KEM/		11		4 (6)	
	Jordbruk		1		1	
	Fellesfag/støttefag				4	
	<b>Måløy</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>1</b>	<b>9</b>	<b>1</b>
	Dekkoffiser		2		3	
	Maskinoffiser		2		3	
	Fellesfag/støttefag				3	
<b>Fagskolen i Hordaland</b>	<b>Nordnes</b>	<b>10</b>	<b>36</b>	<b>4</b>	<b>75</b>	<b>8</b>
	Bygg/KEM/Klassisk				23	
	ELKRAFT/Automasjon				29	
	Maskin/Prosess/Robodigg				19	
	Helse				4	
	<b>Nygård</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>1</b>	<b>25</b>	<b>2</b>
	Maritime				18	
	Petroelum				7	
	<b>Austevoll</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>7</b>	<b>10%</b>
	Maritime				6	
	RAS				1 (1)	
	<b>Hjeltnes</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>10</b>	
	Arborist					
	Lokal mat					
	<b>Voss</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>0</b>	<b>4</b>	
Anlegg				4		
<b>Stord</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>0</b>			

Tabell 1. Oversikt over aktive utdanningar og tilsette ved dei einskilde studiestadene inneverande skuleår.

Vidare vert det vist ei oversikt over søkjartala ved dei to fagskulane våren 2021.

Søkjartal pr. studium, april 2021										
Lærestad	Namn lærestad	Utdanningsområde	Studiekode	Studienamn	Planlagte studieplasar	Søklarar	Søknadar	Søklarar førsteval		
FH	Fagskolen i Hordaland	HELSEFAG	507 001	Rehabilitering	30	34	34	11		
			507 002	Psykisk helse- og rusarbeid	30	109	109	65		
			507 025	Spesialrenhold og sterilforsyning i helsetjenesten	18	57	57	42		
			<b>Totalt</b>		<b>78</b>	<b>177</b>	<b>200</b>	<b>118</b>		
		INFOTEKN	507 015	Robotteknologi og digital produksjon i industrien	30	87	87	31		
			<b>Totalt</b>		<b>30</b>	<b>87</b>	<b>87</b>	<b>31</b>		
		LANDHAVB	507 028	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvaku	20	61	61	49		
			<b>Totalt</b>		<b>20</b>	<b>61</b>	<b>61</b>	<b>49</b>		
		MATFAG	507 004	Lokal matkultur	30	43	43	27		
			<b>Totalt</b>		<b>30</b>	<b>43</b>	<b>43</b>	<b>27</b>		
		TEKNO	507 005	Dekksoffiser	30	103	103	30		
			507 006	Dekksoffiser	30	204	204	84		
			507 007	Maskinoffiser	30	124	124	47		
			507 008	Boring	40	83	83	45		
			507 009	Havbunnsinstallasjoner	30	34	34	6		
			507 010	Anlegg	30	94	94	50		
			507 011	Automatisering	30	76	76	23		
			507 012	Automatisering	40	130	130	57		
			507 013	Bygg	30	112	112	54		
			507 014	Bygg	80	165	165	95		
			507 016	Elkraft	30	126	126	67		
			507 017	Elkraft	80	209	209	121		
			507 018	Prosess	40	100	100	55		
			507 019	Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	40	99	99	52		
			507 020	Maskinteknikk	30	94	94	43		
			507 021	Maskinteknikk	40	170	170	92		
			507 023	Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	30	38	38	16		
			507 024	Klassisk bygningshåndverk og restaurering	20	55	55	45		
			507 026	Maskinteknikk	30	67	67	50		
			<b>Totalt</b>		<b>710</b>	<b>1 535</b>	<b>2 083</b>	<b>1 032</b>		
		Totalt heile skulen					868	1 835	2 474	1 257
		FISF	Fagskolen i Sogn og Fjordane	HELSEFAG	521 018	Velferdsteknologi for kommunene	25	21	21	9
					<b>Totalt</b>		<b>25</b>	<b>21</b>	<b>21</b>	<b>9</b>
				LANDHAVB	521 013	Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	15	18	18	10
					<b>Totalt</b>		<b>15</b>	<b>18</b>	<b>18</b>	<b>10</b>
				TEKNO	521 001	Bygg	30	26	26	8
					521 002	Bygg	30	49	49	15
					521 003	Anlegg	30	23	23	10
					521 004	Anlegg	30	40	40	10
					521 005	Klima, energi og miljø (KEM)	30	12	12	0
					521 006	Klima, energi og miljø (KEM)	30	19	19	9
					521 007	Maskinteknikk	30	25	25	6
					521 008	Maskinteknikk	29	31	31	10
					521 009	Elkraft	30	22	22	4
					521 010	Elkraft	30	67	67	31
					521 011	Automatisering	30	10	10	3
					521 012	Automatisering	30	49	49	24
521 014	Dekksoffiser				16	79	79	26		
521 015	Maskinoffiser				16	52	52	7		
521 016	BIM - tekniker				25	78	78	25		
521 017	Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser				25	48	48	37		
	<b>Totalt</b>					<b>441</b>	<b>532</b>	<b>630</b>	<b>225</b>	
Totalt heile skulen					481	571	669	244		

Tabell 2. Søkjartal pr. april 2021 ved Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane (kjelde: Samordna opptak).

I samband med samanslåinga vedtok Vestland fylkeskommune mandat for prosjektstyre i fylkestinget 29.09.2020 – sak PS 110/2020 ([protokoll](#)). Av mandatet kjem det mellom anna fram følgjande:

«Prosjektstyret skal i samarbeid med prosjektretor fastslå dei overordna prinsippa for organisasjonsstrukturen i den nye fagskulen.»

Prosjektretor legg i denne saka til grunn at overordna prinsipp for organisasjonsstruktur for den nye fagskulen omhandlar eit overordna organisasjonskart som synleggjer linjestyringa i organisasjonen, samt overordna fordeling og delegasjon av mynde.



Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland handsama i møte 23.04.2021 melding RS 02/21 *Drøftingsnotat om prinsipp for organisering og leiarstruktur*. Føremålet med meldinga var å leggje til rette for drøfting i prosjektstyret før det no vert lagt fram endeleg sak til handsaming.

I meldinga (RS 02/21) blei det vist kva endringar fagskulesektoren har vore igjennom dei siste åra etter at fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden) blei vedteken av Stortinget. Det blei også vist til kva forventningar nasjonale mynde, skuleeigar, arbeidslivet og studentar har til fagskulesektoren, og at forventningane kan stå i kontrast til kva sektoren har av finansiering og tilgjengelege ressursar til å kunne imøtekomme forventningane. Korleis fagskulane er organisert vil også få følgje for kor godt fagskulane evner å imøtekomme forventningane. Dei fylkeskommunale fagskulane er i dag i hovudsak organisert etter modell frå vidaregåande skular som har eit anna lovverk, og som ikkje er plassert inn under tertiærutdanninga slik som fagskulane er. I meldinga (RS 02/21) vart det mellom anna vist til at fagskulelova med forskrifter har blitt meir og meir harmonisert med Universitets- og høgskulelova, noko som igjen speglar kva sjølvstende og oppgåveløysing ein fagskule har.

### Prinsipp for organisering og leiarstruktur

På bakgrunn av tidlegare drøftingsnotat og diskusjonar i prosjektstyret i møtet 23.04.2021 vil prosjektretor tilrå ei overordna organisering som ivaretek ei strategisk utvikling og ei profesjonell styring av skulen basert på tydeleg definerte ansvarsområde i to søyler:

- Utdanningskvalitet, pedagogisk utviklingsarbeid, samarbeid med arbeidslivet
- Organisasjon og samhandling, organisatorisk utviklingsarbeid, kulturarbeid

Vidare vil prosjektretor tilrå følgjande overordna prinsipp for organisering og leiarstruktur:

- 1) Øvste leining skal bestå av ein strategisk leiargruppe med:
  - a. Rektor
  - b. Prorektor Utdanning
  - c. Prorektor Organisasjon og samhandling
- 2) Fagleg linjeleining med utdanningsleiarar under prorektor Utdanning. Utdanningsleiarane skal ha fagleg ansvar knytt til eit overordna fagområde.
- 3) Stab og leiar for studieadministrasjon under prorektor Organisasjon og samhandling.
- 4) Rektor skal sørge for stadleg leining ved studiestader som har fast tilsette.

Prosjektretor vil også tilrå at det vert etablert eit prinsipp om å arbeide for å oppnå god kjønnsbalanse i leinga ved den nye fagskulen.

På bakgrunn av punkta over vert følgjande overordna organisasjonskart tilrådd:



Figur 1. Organisasjonskart for Fagskulen i Vestland.

Som vist i tabellen i innleiinga skal den nye skulen ha 8 studiestader som har variasjon i omfang av både tilsette, utdanningar og studentar. Dette gjer at ikkje alle studiestadene kan organiserast likt i høve til mellom anna leining og administrasjon. Døme på dette er studiestaden Stord der det ikkje er fast tilsette fordi faglærarar reiser frå Bergen for å undervise klassane på Stord. På bakgrunn av

forskjellane mellom studiestadene må ein ha rom for å velje løysingar som ikkje er like for alle, samtidig som at prosjektrektor vil sikre at det vert lagt til rette for gode fagmiljø og moglegheiter for vekst og utvikling.

### **Fagleg og administrativ organisering og leiing**

Bakgrunnen for at prosjektrektor meiner at stadleg leiing er viktig ved studiestadene som har fast tilsette er at han ynskjer å sikre at alle stadene får nok ressursar til å vekse og utvikle seg i høve til sine eigne lokale fortrinn og føresetnader. Drifta av fagskulen er avhengig av eit tilfang av studentar, og i fagskulesektoren er dette tilfanget avhengig av arbeidslivets behov og konjunkturar i samfunnet. Dei minste studiestadene som i dag har få utdanningar er såleis sårbare for konjunkturendingar og endringar i kompetansebehov. Ved å satse på vidare utvikling av utdanningar og EVU ved studiestadene vil dei mindre studiestadene få fleire bein å stå på, noko som vil gjere dei mindre sårbare. Døme på dette er at det ved studiestadene Måløy og Austevoll, som har maritime utdanningar i dag, nyleg har blitt utvikla havbruksutdanningar som vil bidra til større fag- og studentmiljø, og som treff den lokale næringa. Dei maritime studiestadene vil også kunne vidareutvikle seg i høve til EVU retta mot den maritime og marine næringa der det er store behov for kompetansepåfyll og mellom anna tryggleikskurs. Med stadleg leiing meiner prosjektrektor såleis at det skal vere leiarar ved stadene som vil ha ansvar for vidareutviklinga av studiestadene, og prosjektrektor vil delegere mynde ned i linja, slik at det vert skapt eit reelt handlingsrom lokalt.

Avgjerder må kunne takast lokalt. Dette vil også bety at ein må akseptere at ting vert gjort ulikt frå studie til studie og mellom studiestader, ut i frå ein tanke om at lokale forhold krev ulik tilnærming. Likevel kan det vere slik at ikkje alle tilsette vil få sin næraste leiar ved eigen studiestad. Dersom ein skal bygge ein felles kultur og ein heilskapleg profesjonell organisasjon som trekkjer i same retning må det vere både faglege og administrative funksjonar som går på tvers av stadene.

Som det kjem fram av tabell 1 er det stor forskjell på organiseringa av administrative oppgåver ved dei to fagskulane i dag. Fagskulen i Sogn og Fjordane har 2 administrativt tilsette, og administrative oppgåver er elles lagt i linjeleiinga. Ved Fagskolen i Hordaland er det fire administrativt tilsette med ein eigen leiar for administrasjon, samt ein fagstab som består av fire personar med oppgåver innan mellom anna økonomi, sekretariat, kursverksemd, prosjektoppfølgjing, rådgjeving, klagehandsaming og eksamen.

Ved den nye fagskulen blir det viktig å bygge ein effektiv og profesjonell administrasjon der sentrale funksjonar vert spesialisert. Staben og administrasjonen skal gje støtte til fagavdelingane innan studieadministrasjon, økonomi, personaloppfølging og utvikling. Vidare skal stab og administrasjon sikre god samhandling på tvers av fagområde og studiestader. Stabs- og administrasjonsoppgåvene vil bli sentralisert i ei eiga eining, men funksjonar og administrativt tilsette vil vere lokalisert fleire stader (desentralisert). Det vil seie at det vil vere administrative støttfunksjonar ved studiestadene som arbeider med oppgåver både lokalt og sentralt. Døme på sentrale felles oppgåver er opptak og økonomi.

Prosjektrektor legg med dette til grunn eit organisasjonsdesign som peikar på at det er behov for ein meir heilskapleg styringsstruktur, klare rapporteringslinjer, betre koordinering og kommunikasjon, og auka fagleg/administrativ samhandling. Ein heilskapleg styrings- og leiarmodell skal, saman med det vidare arbeidet med nytt organisasjonsdesign, sikre ein leiarmodell som betre støtter under fagskulen sine mål og strategiar, samt gjennomføringskraft. For å implementere dei strukturelle og kulturelle endringane, og få dei effektane som vi ønskjer skal kome ut av fusjonen, vert det stilt krav til både strategisk og operativ leiing.

Det har vore gjennomført fleire fusjonar ved begge fagskulane dei siste 10 åra, og det har vore arbeidd med struktur, men mindre merksemd har blitt gitt til det strategiske nivået for den interne organisasjonskulturen. Det er prosjektrektor si oppfatning at arbeidet med organisasjonskultur handlar om operativ og strategisk leiing. Gjennom denne modellen vil prosjektrektor sette lys på dette.

### **Tilsetting på åremål**

Prosjektrektor vil vidare tilrå at styret greier ut om det er tenleg med åremålstilsetting av rektoratet. Årsaka til dette er at oppgåvene til den øvste leiinga ved fagskulen krev ei særskilt evne til

nyorientering på eit område der fagleg fornying er naudsynt. Åremålsperiodar vert mellom anna nytta ved høgskular og universitet som ikkje gjennomfører rektorval. Ein åremålsperiode kan variere frå fire til tolv år for ulike stillingar. Åremål for leiarstillingar er forklart med at ein skilde personar ikkje skal sitte for lenge i slike posisjonar. For Fagskulen i Vestland kan til dømes ein åremålsperiode på 6 år, med moglegheit for ein ny periode, bli vurdert.

### Prosess for tilsetting av leiarar

Prosjektretor vil føreslå vidare prosess i arbeidet med samanslåinga og organiseringa som følgjer:

- Prorektorstillingane vert lyst ut, og det vert vurdert fortrinn. Prorektorane vert tilsett av prosjektsstyret saman med rektor og skuleeigar (HR).
- Utdanningsleiarstillingane vert lyst ut og det vert vurdert fortrinn. Utdanningsleiarane vert tilsett av rektor og prorektor for utdanning.
- Det vert etablert eit omstillingsutval (OMU) før sumaren for drøftingssaker i samband med samanslåinga for å sikre ein god omstillingsprosess.
- Fortrinnsrett må vurderast av HR-seksjonen.

I omstillingar der tilsette vil kunne oppleve endring av arbeidsoppgåver eller ansvarsområde ol. er det vanleg å etablere eit OMU for å sikre ein god prosess og stette dei krava som er stilt til arbeidsgjevar gjennom lov- og avtaleverk. Eit omstillingsutval består av tillitsvalde og verneombod på overordna og lokalt nivå, ansvarleg leiding ved einingane som er under omstilling og ein representant frå HR-seksjonen.

### Vedtakskompetanse

I tråd med vedtak i fylkestinget 29.09.2020, sak PS 110/2020 er prosjektstyret gjeve mandat til å, i samarbeid med prosjektretor, fastslå dei overordna prinsippa for organisasjonsstrukturen i den nye fagskulen.

### Konklusjon

På bakgrunn av saksutgreiinga vil prosjektretor tilrå at prosjektstyret vedtek følgjande prinsipp for overordna organisering av Fagskulen i Vestland:

- 1) Øvste leiding skal bestå av ei strategisk leiargruppe med:
  - a. Rektor
  - b. Prorektor for utdanning
  - c. Prorektor for organisasjon og samhandling
- 2) Fagleg linjeleing med utdanningsleiarar under prorektor for utdanning. Utdanningsleiarane skal ha fagleg ansvar knytt til eit overordna fagområde.
- 3) Stab og leiar for studieadministrasjon under prorektor Organisasjon og samhandling.
- 4) Rektor skal sørge for stadleg leing ved studiestader som har fast tilsette.

Vidare tilrår prosjektretor at prosjektstyret vedtek som følgjer:

- Det skal vere eit prinsipp å arbeide for å oppnå god kjønnsbalanse i leinga ved den nye fagskulen.
- Det vert greidd ut om det bør vere åremålstilsetting av rektoratet.

### Prosess for tilsetting av leiarar

- Prorektorstillingane blir lyst ut, og det blir vurdert fortrinn. Prorektorane vert tilsett av prosjektsstyret saman med rektor og skuleeigar (HR).
- Utdanningsleiarstillingane blir lyst ut og det blir vurdert fortrinn. Utdanningsleiarane blir tilsett av rektor og prorektor for utdanning.
- Det blir etablert eit omstillingsutval (OMU) før sumaren for drøftingssaker i samband med samanslåinga for å sikre ein god omstillingsprosess.

- Fortrinnsrett må vurderast av HR-seksjonen.

---

**Saksnr:** 2021/753-11  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland	VS 04/21	28.05.2021

**Namn på den nye fagskulen i Vestland**

Forslag til vedtak

1. Prosjektstyret sender med dette forslag til skuleeigar ved fylkesadministrasjonen om å vurdere namnet «Fagskulen Vestland» for den nye samanslåtte fagskulen.

Samandrag

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 09.06.2020 i sak PS 70/2020 å slå saman dei to fylkeskommunale fagskulane med verknad frå 01.01.2022. I samband med dette vart det også vedteke å nytte projektnamnet Fagskulen i Vestland i prosessen med samanslåinga, og at endeleg namn på skulen skulle veljast på eit seinare tidspunkt. Prosjektretor vil tilrå at prosjektstyret sender forslag til skuleeigar om å vurdere namnet «Fagskulen Vestland» for den nye samanslåtte fagskulen.

Torbjørn Mjelstad  
prosjektretor, Fagskulen i Vestland

Adeline Berntsen Landro  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 09.06.2020 i sak PS 70/2020 å slå saman dei to fylkeskommunale fagskulane med verknad frå 01.01.2022. I samband med dette vart det også vedteke å nytte prosjektnamnet Fagskulen i Vestland i prosessen med samanslåinga.

Bakgrunnen for å nytte eit prosjektnamn i samanslåingsperioden var at det på dette tidspunktet var diskusjonar nasjonalt om omgrepet «fagskule» skulle erstattast med t.d. omgrepet «høgare yrkesfagskule» etter at fagskulelova vart endra til Lov om høgere yrkesfaglig utdanning. I dag er det berre éin fagskule som har endra omgrep frå «fagskule» til «høgare yrkesfagskule» og det er Trøndelag høgere yrkesfagskole.

Fagskuleomgrepet er blitt meir og meir kjent etter at Meld. St. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vart vedteke av stortinget, og dei mange tiltaka i meldinga sett i verk. Det ser ikkje ut til at diskusjonen om kva skuleslaget skal kallast er gåande i dag.

Det er normalt fylkestinget som handsamar saker om namn for skular, og dette vil gjerne også gjelde for den nye fagskulen i Vestland. Likevel kan styre ta stilling til ønskje om namn og fremje dette for fylkesadministrasjonen som skal greie ut sak om namn.

Prosjektretor har vurdert tre namn som kan vere aktuelle, og som viser fagskulen si plassering geografisk, samt tilknytning til skuleeigar. Desse er som følgjer:

- Fagskulen i Vestland
- Vestland fagskule
- Fagskulen Vestland

### Vurdering av namn

Dei fleste fylkeskommunale fagskular nyttar namn som «fagskulen i», unntaket er som nemnt over; Trøndelag høgere yrkesfagskole. Om ein vel namnet Fagskulen i Vestland vert dette i same stil som andre fagskular, men forkortinga vil bli FIV, og dette kan bli forveksla med Fagskolen i Viken som også nyttar FIV.

Vestland fagskule eller Fagskulen Vestland vil vere lettare å sei, og av desse to er det gjerne Fagskulen Vestland som klinger best. Då vil namnet starta med å definere type organisasjon og skuleslag, og deretter kjem det geografiske område fram.

Om ein vel Fagskulen Vestland kan ein nytte forkortinga FV, evt. FVL. Sistnemnte er også forkortinga for forvaltningslova, men dette vert gjerne ikkje problematisk.

Endeleg namn på den nye skulen må vere bestemt før styret kan tinglyse forskriftene for den nye fagskulen i Norsk Lovtidend. Forskriftene bør vere kunngjort i løpet av hausten 2021, og før tilbudsstruktur for skuleåret 2022/23 vert sendt over til Samordna opptak.

Vedtakskompetanse

Vedtaket er ei tilråding om å løfte sak for skuleeigar om namn på den nye fagskulen.

Konklusjon

Prosjektretor vil tilrå at prosjektstyret sender over eit vedtak med forslag til å vurdere namnet Fagskulen Vestland for den nye samanslåtte fagskulen.

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland	VS 05/21	28.05.2021

**Vedtak om å sende forskrifter for Fagskulen i Vestland på høyring****Forslag til vedtak**

1. Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland vert vedteke sendt på høyring med høyringsfrist 01.08.2021.
2. Studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert vedteke sendt på høyring med høyringsfrist 01.08.2021.

**Samandrag**

I denne saka vert det lagt fram forslag til forskrifter for Fagskulen i Vestland som skal sendast på open høyring og tre i kraft frå 01.01.2022. Forskriftene må kunngjerast i Norsk Lovtidend og bør vere endeleg vedteke av prosjektstyret før tilbudsstruktur for skuleåret 2022/23 vert sendt til Samordna opptak i desember 2021. Prosjektretor tilrår at forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland og studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert vedteke sendt på open høyring med høyringsfrist 01.08.2021. Dersom namnet på den nye fagskulen vert noko anna enn Fagskulen i Vestland må namnet på fagskulen endrast i forskriftene før kunngjering i Norsk Lovtidend.

**Torbjørn Mjelstad**  
prosjektretor, Fagskulen i Vestland

**Adeline Berntsen Landro**  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg:**

1. Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland
2. Studieforskrift for Fagskulen i Vestland

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til forskrifter for Fagskolen i Vestland som skal sendast på open høyring og tre i kraft frå 01.01.2022. Forskriftene må kunngjerast i Norsk Lovtidend og bør vere endeleg vedteke av prosjektstyret før tilbudsstruktur for skuleåret 2022/23 vert sendt til Samordna opptak i desember 2021.

### Arbeid med forskrifter for Fagskolen i Vestland

Arbeidet med forskrifter er ein del av samanslåingsprosjektet, og har inngått i delprosjekt 4 om forskrifter og kvalitetsutviklingsystem. Delprosjektgruppa er sett saman av tilsette frå både Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane, samt tillitsvalde frå begge skulane. I arbeidet med å utarbeide felles forskrift har gruppa tatt utgangspunkt i dei eksisterande forskriftene ved dei to fagskulane, og sett på kva som er likt og ulikt. I hovudsak er det mykje likt, men nokre forhold har vore ulike. Døme på forhold som er ulike er at Fagskolen i Hordaland har eit krav til studentane om 80 % oppmøte til undervisninga, medan Fagskolen i Sogn og Fjordane har eit generelt oppmøtekrav som er definert i studieplanane. Prosjektretor vil tilrå at ordninga ved Fagskolen i Sogn og Fjordane vert vidareført, og at det må kome fram av studieplanane kva aktivitetar det er krav om oppmøte til og i kva omfang.

Til denne saka er det ikkje sett opp eit lovspegl som viser endringar frå tidlegare forskrifter. Årsaka for dette er at det er nye forskrifter for den samanslåtte skulen, og fordi den baserer seg på dei forskriftene som begge dei to fagskulane har i dag. I tillegg er det gjort ein gjennomgang opp mot fagskulelova med forskrift for å sikre at forskriftene for den nye fagskolen er i tråd med desse.

### Kompetanse og innhald

Jf. fagskulelova § 16 fjerde ledd skal styret sjølv gi utfyllande forskrift om opptak til fagskolen, med krav til formell utdanning eller tilsvarande realkompetanse. Vidare skal styret sjølv gi forskrift om gjennomføring av eksamenar, prøvar og anna arbeid. Dette inkluderer vilkår for å gå opp til eksamen eller prøve på nytt, tilgang til ny praksisperiode og oppmelding (jf. fagskulelova § 21 femte ledd).

Jf. fagskuleforskrifta § 27 første ledd skal det gå fram av fagskolen sin forskrift kva utdanningar som er underlagt regler om skikkavurdering.

På bakgrunn av føresegna i fagskulelova og fagskuleforskrifta skal styret gi forskrift om tilhøve kring opptak, vurdering og eksamen, og skikkavurdering. Vidare bør styret gi forskrift om mellom anna reglar for klagehandsaming, politiattest og disiplinære sanksjonar.

Jf. fagskulelova § 20 første ledd skal ein fagskule opprette ein lokal klagenemnd som skal handsame klager over enkeltvedtak, og styret kan i tillegg bestemme at den lokale klagenemnda skal handsame andre klagesaker frå studentane etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Dette kan ikkje delegerast til andre organ ved fagskolen. Styret må såleis ta stilling til om styret sjølv, eller den lokale klagenemnda, skal handsame saker om:

- Klage på formelle feil ved eksamen (§ 23)
- Annullering av eksamen eller prøve (§ 24)
- Bortvising og utestenging (§ 25)
- Vurdering av om ein student er skikka (§ 26)
- Vurdering av politiattest (§ 27)

Dei to fagskulane har i dag felles klagenemnd som er administrert av Fagskolen i Hordaland. Dykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og Kunsthøgskolen i Bergen er også med i samarbeidet om felles klagenemnd. Den lokale klagenemnda har i dag fått delegert handsaming av saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Ordninga med felles lokal klagenemnd vert vidareført, og prosjektretor vil tilrå at handsaming av saker jf. paragrafane over vert delegert til den lokale klagenemnda for den nye fagskolen.



Fagskulen i Sogn og Fjordane har ei forskrift om mellom anna opptak, vurdering og eksamen, klagehandsaming og disiplinære sanksjonar. Fagskolen i Hordaland har to forskrifter; ei eiga opptaksforskrift og ei forskrift om eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming.

Prosjektretor vil tilrå at det vert vedteke to forskrifter for Fagskulen i Vestland:

- Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland (vedlegg 1) som regulerer tilhøva for søkjarar, og det som skjer før ein søkjar vert student, eventuelt får avslag på søknad, og
- Studieforskrift for Fagskulen i Vestland (vedlegg 2) som regulerer tilhøva for studentane i studietida. Dette vil vere om vurdering og eksamen, reglar om skikkavurdering, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming.

### Høyring og vidare prosess

Forskriftene skal sendast på open høyring og prosjektretor vil tilrå følgjande høyringsliste:

- Studentrådet ved Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland
- Organisasjon for Norske fagskolestudenter (ONF)
- Organisasjonane (tillitsvalde) ved Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Organisasjonane (tillitsvalde) ved Fagskolen i Hordaland
- Rådet for offentlige fagskoler (RFF)

I tillegg vert forskriftene lagt ut på heimesidene med informasjon om korleis ein skal gå fram for å gi høyringsuttale, slik at også andre partar kan gje uttale.

Neste styremøte i prosjektstyret er 17.09.2021, og til dette møtet vert forskriftene lagt fram for endeleg handsaming basert på tilbakemeldingane i høyringa. Vidare vil prosjektretor tilrå at høyringsfristen vert sett til 01.08.2021.

### Vedtakskompetanse

Jf. fagskulelova § 16 fjerde ledd skal styret sjølv gi utfyllande forskrift om opptak til fagskulen.

Jf. fagskulelova § 21 femte ledd skal styret sjølv gi forskrift om gjennomføring av eksamenar, prøver og anna arbeid.

Jf. fagskuleforskrifta § 27 første ledd skal det gå fram av fagskolen sin forskrift kva utdanningar som er underlagt reglar om skikkavurdering.

### Konklusjon

Prosjektretor tilrå at forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland og studieforskrift for Fagskulen i Vestland vert vedteke sendt på open høyring med høyringsfrist 01.08.2021.

Dersom namnet på den nye fagskulen vert noko anna enn Fagskulen i Vestland må namnet på fagskulen endrast i forskriftene før kunngjering i Norsk Lovtidend.

# Forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland

## Kapittel 1. Generelle føresegner

### § 1-1. Heimel og verkeområde

- (1) Styret ved Fagskulen i Vestland har med heimel i lov 8. juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) § 16 vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak ved Fagskulen i Vestland.
- (2) Forskrifta gjeld for personar som søker opptak til studieprogram ved Fagskulen i Vestland.

### § 1-2. Forholdet til anna lovverk

- (1) For studentar ved Fagskulen i Vestland gjeld lov 8. juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) med tilhøyrande forskrifter.
- (2) Formålet med forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland er å gi studentane utfyllande reglar og informasjon knytt til opptak ved Fagskulen i Vestland.
- (3) Lov og forskrift gitt av lovgivar skal ved motstrid gå framfor føresegner gitt i denne forskrifta.

### § 1-3. Ansvar for opptak

Rektor er ansvarleg for opptak og skal på vegner av styret ved Fagskulen i Vestland sørge for at opptaket til fagskuleutdanninga blir gjennomført korrekt. Rektor nemner opp medlemmer til ein opptakskomiteé som skal gjennomføre det praktiske opptaket og vurdere realkompetanse. Det er rektor som fattar endeleg vedtak om opptak.

## Kapittel 2. Opptakskrav

### § 2-1. Generelt om opptak

- (1) Opptak av studentar til Fagskulen i Vestland skjer gjennom Samordna opptak, jf. fagskoleforskriften § 3 (1). Ordinær søknadsfrist for fagskuleutdanninga er 15. april. Ved lokalt opptak til f.eks. enkeltemne blir søknadsfristen kunngjort på heimesida til Fagskulen i Vestland.

- (2) Opptak av kvalifiserte studentar skjer på grunnlag av rangering. Rangeringa skjer ved utrekning av poeng, jf. fagskoleforskriften § 14 (1).
- (3) Grunnlaget for rangering er karakterane frå den dokumentasjonen som kvalifiserer søkjaren for ei fagskuleutdanning og annan dokumentasjon som gir tilleggspoeng, jf. fagskoleforskriften § 14 (2).
- (4) Kvalifiserte søkjarar som ikkje kan poengbereknast, blir rangert på bakgrunn av ei realkompetansevurdering, jf. fagskoleforskriften § 17 (1).

## **§ 2-2. Opptakskrav**

- (1) Opptak til studia ved Fagskulen i Vestland er anten relevant fag- eller sveinebrev, treårig yrkesfagleg opplæring eller generell studiekompetanse, jf. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring nivå 4, eller tilsvarende realkompetanse, jf. fagskoleforskriften § 7 (1).
- (2) Styret ved Fagskulen i Vestland kan stille spesielle opptakskrav som er relevante for fagskuleutdanninga, jf. fagskoleforskriften § 7 (4). Informasjon om spesielle opptakskrav, inkludert kva fagbrev eller vitnemål, som gjev grunnlag for opptak ved Fagskulen i Vestland, er nedfelt i studieplanane.
- (3) Etter fagskoleforskriften § 7 (5) kan styret i tillegg stille krav om fullført og bestått fagskuleutdanning for opptak til ei fagskuleutdanning. Anna fagskuleutdanning kan berre settast som opptakskrav i tilfelle der dei einskilte fagskuleutdanningane er sjølvstendige einingar som bygger på kvarandre, og det totale løpet for utdanningane som bygger på kvarandre, ikkje overskrider to år. I særlege tilfelle kan det totale utdanningsløpet vere opptil tre år, jf. fagskoleforskriften § 42.

## **§ 2-3. Opptak på visse vilkår (vilkårsbunden)**

- (1) Søkjarar som ikkje har fullført og bestått fag- eller sveineprøve innan fristen for å sende inn dokumentasjon, og som derfor ikkje er kvalifisert for opptak, kan likevel tildelast plass ved Fagskulen i Vestland dersom dei kan dokumentere at dei skal gjennomføre fag- eller sveineprøven innan 1. oktober i opptaksåret, jf. fagskoleforskriften § 10 (1).
- (2) Søkjarar som søker opptak på grunnlag av treårig yrkesfagleg opplæring eller generell studiekompetanse, og som ikkje kan gjennomføre eksamen i vidaregåande opplæring på grunn av spesielle tilhøve, kan likevel tildelast plass ved Fagskulen i Vestland dersom følgjande vilkår er oppfylt:
  - a. søkjaren består eksamen i eitt eller fleire fag i vidaregåande opplæring i løpet av første semester etter opptak
  - b. søkjaren har standpunktkarakteren 2 eller betre i faget
  - c. søkjaren har ikkje allereie avsluttande vurdering i faget, og
  - d. søkjaren oppfyller fastsette karakterkrav når eksamen er avlagt.

Spesielle tilhøve er her sjukdom, ulykker eller dødsfall i nær familie. Fagskulen i Vestland kan gi opptak på visse vilkår knytt til andre spesielle tilhøve enn dei som er nemnt her, jf. fagskoleforskriften § 11 (1) og (2).

- (3) Etter fagskoleforskriften § 10 og § 11 gjeld følgjande for alle som har fått opptak på visse vilkår etter § 2-3 (1) og (2):
- a. søkjaren kan ikkje reservere studieplassen til seinare opptak
  - b. studenten misser studieplassen og studieretten dersom opptakskrava ikkje blir oppfylt innan fristen
  - c. studentar som går opp til eksamen får ikkje denne eksamen godkjent som bestått utan at opptakskravet er oppfylt.
- (4) Fagskulen i Vestland skal så langt det er mogleg og rimeleg legge til rette for at studentar med opptak på visse vilkår kan gå opp til fag- eller sveineprøven i vidaregåande opplæring eller utsett eksamen i vidaregåande opplæring, og samtidig gjennomføre utdanninga det er gitt vilkårsbunde opptak til. Dersom Fagskulen i Vestland ikkje finn å kunne legge til rette på denne måten, skal studenten få forlenga opptaket på visse vilkår til neste gong det blir arrangert utsett eksamen i det aktuelle faget i vidaregåande opplæring, jf. fagskoleforskriften § 10 (5) og § 11 (6).

#### **§ 2-4. Søkjarar med utanlandsk utdanning**

- (1) Søkjarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifiserte for opptak ved Fagskulen i Vestland, utan tilleggskrav i norsk, når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarande norsk fagskuleutdanning, jf. fagskoleforskriften § 9 (1).
- (2) Søkjarar utanfor Nordan kan søkje NOKUT om godkjenning av utanlandsk fag- og yrkesopplæring, jf. opplæringslova § 3-4 a. Alternativt må ein dokumentere opplæring og praksis ved autorisert translator og ha bestått eller ha likeverdig realkompetanse i dei felles allmenne faga tilsvarande Vg1 og Vg2 i yrkesfaglege studieretningar. Søkjaren må i tillegg dokumentere kunnskapar på nivå med «Test i Norsk – høgere nivå» B2 («Bergestesten») eller tilsvarande, jf. fagskoleforskriften § 9 (3).
- (3) Det blir vist til fagskoleforskriften § 9 om utfyllande reglar om språkkrav for søkjarar med utanlandsk utdanning.

#### **§ 2-5. Reservasjon av studieplass**

- (1) Søkjarar som har fått opptak ved Fagskulen i Vestland, kan etter søknad få inntil to års utsetjing av studiestart ved sjukdom, svangerskap, barsel, verneplikt eller andre tungtvegande grunnar, jf. fagskoleforskriften § 13 (1).
- (2) Søknad med dokumentasjon skal sendast til Fagskulen i Vestland innan tre veker frå tilbodet om studieplass blei motteke, jf. fagskoleforskriften § 13 (2).

## Kapittel 3. Rangering ved opptak

### § 3-1. Poengutrekning ved rangering av søkjarar

<i>Omtale</i>	<i>Poeng</i>
<i>Det generelle grunnlaget for opptak etter § 2-2 (1)</i>	<i>10 poeng</i>
<i>Relevant yrkespraksis i 100 % stilling utover det generelle grunnlaget for opptak, jf. gjeldande studieplan</i>	<i>1 poeng per 6 mnd. (inntil 10 poeng)</i>
<i>Fagprøve med «greidd mykje godt»</i>	<i>5 poeng</i>
<i>Relevant fagprøve i anna fag utover det generelle opptakskravet inkl. praksistid</i>	<i>5 poeng</i>
<i>Relevant fagprøve i anna fag utover det generelle opptakskravet med «greidd mykje godt»</i>	<i>2 poeng</i>
<i>Gjennomsnittleg karakterpoeng av talkarakterane i alle fag</i>	<i>Multipliserast med 10</i>

### § 3-2. Rangering av søkjarar

- (1) Søkjarar med høg poengsum skal rangerast framfor søkjarar med låg poengsum. Søkjarar med lik poengsum skal rangerast etter alder, der eldre søkjarar blir rangert først, jf. fagskoleforskriften § 14 (3).
- (2) Dersom det er ledige studieplassar etter at det ordinære opptaket er gjennomført, kan Fagskulen i Vestland tilby desse studieplassane til kvalifiserte søkjarar. Søknader om opptak til slike ledige studieplassar blir handsama i den rekkefølga dei blir mottekne, utan omsyn til rangeringsreglane i § 3-2 (1), jf. fagskoleforskriften § 14 (4).
- (3) Dersom det er venteliste etter at det ordinære opptaket er gjennomført, men fagskulen får ledige studieplassar etter studiestart, skal Fagskulen i Vestland tilby dei ledige studieplassane til søkjarane på ventelista, jf. fagskoleforskriften § 14 (5).
- (4) Ti dagar etter studiestart kan fagskulen tilby eventuelle resterande studieplassar til kvalifiserte søkjarar, utan omsyn til rangeringsreglane i § 3-2 (1), jf. fagskoleforskriften § 14 (5)

### **§ 3-3. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast (realkompetansevurdering)**

- (1) Kvalifiserte søkjarar som ikkje kan poengbereknast, blir rangert etter ei individuell vurdering basert på skjønn. Fagskulen i Vestland fastset sjølv kriteria for denne vurderinga, jf. fagskoleforskriften § 17 (1). Formålet med vurderinga er å avdekke om søkjaren har likeverdige ferdigheiter og kunnskapar jamført med søkjarar som får tilbod om opptak etter rangering på grunnlag av poengberekning.
- (2) Opptak etter ei individuell vurdering basert på skjønn krev at søkjaren er 23 år eller eldre i opptaksåret, jf. fagskoleloven § 16 andre ledd.
- (3) Kompetansen til søkjaren blir vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga søkjaren blir realkompetansevurdert til.
- (4) Søkjarar som søker studieplass ved Fagskulen i Vestland på bakgrunn av realkompetanse kan vere:
  - a. søkjarar som har fullført vidaregåande opplæring, men i eit anna utdanningsprogram enn det som er det formelle opptakskravet
  - b. søkjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring
  - c. søkjarar med utanlandsk utdanning.
- (5) Søkjaren må dokumentere kompetanse i felles allmenne fag som svarer til nivå 4 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), jf. fagskoleforskriften § 7 (1).
- (6) Rektor er ansvarleg for å fatte vedtak om opptak på bakgrunn av realkompetanse etter innstilling frå opptakskomiteen, jf. § 1-3 i denne forskrifta.

## **Kapittel 4. Politiattest**

### **§ 4-1. Krav til politiattest**

- (1) I utdanningar der studentar kan kome i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksis, skal fagskulen krevje at studenten legg fram politiattest som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd. Fagskulen kan krevje at politiattest blir lagt fram både ved opptak og undervegs i utdanninga, jf. fagskoleloven § 27 første ledd.
- (2) Fagskulen har plikt til å gjere kravet om politiattest kjent for studentar ved opptak til studium som er omfatta av desse krava, jf. fagskoleforskriften § 19 (3).

- (3) Søkjarar som er teke opp til studium der det blir kravd politiattest, skal, saman med melding om at dei tek imot tilbod om studieplass, stadfeste at dei kjenner regelverket om politiattest, og at dei innan fristen vil levere denne, jf. fagskoleforskriften § 21.
- (4) Søkjar må leggje fram politiattest til fagskulen innan fire veker etter at søkjaren har fått tilbod om studieplass, jf. fagskoleforskriften § 20 (1).
- (5) Politiattesten skal ikkje vere eldre enn tre månader på det tidspunktet den blir lagt fram for fagskulen, jf. fagskoleforskriften § 20 (2).
- (6) Politiattest med merknad er regulert i fagskoleloven § 27 og fagskoleforskriften § 23.
- (7) Ein student som ikkje legg fram politiattest i samsvar med reglane, har normalt ikkje rett til å ta del i klinisk undervisning eller praksis ved fagskulen, og får ikkje utdelt vitnemål, jf. fagskoleforskriften § 24 (1) og (2) og § 25.
- (8) Den lokale klagenemnda ved fagskulen vurderer og fattar vedtak om ein student skal misse retten til å delta i klinisk undervisning eller praksis basert på politiattest. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i studieforskrift for Fagskulen i Vestland.

## **Kapittel 5. Klage**

### **§ 5-1. Klage på vedtak om opptak**

- (1) Viss ikkje anna er bestemt, gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII for avgjersler knytt til opptak, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd.
- (2) Klage på enkeltvedtak om opptak basert på relevant fag- eller sveinebrev, treårig yrkesfagleg opplæring eller generell studiekompetanse skal handsamast av Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleforskriften § 43 bokstav a.
- (3) Klage på enkeltvedtak om opptak basert på realkompetanse eller spesielle opptakskrav skal handsamast av den lokale klagenemnda ved Fagskulen i Vestland, jf. fagskoleforskriften § 43 bokstav a. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i studieforskrift for Fagskulen i Vestland.

## **Kapittel 6. Ikraftsetjing og oppheving**

### **§ 6-1. Ikraftsetjing og oppheving**

Denne forskrifta trer i kraft ... og erstattar forskrift 29. april 2020 nr. 912 om opptak ved Fagskolen i Hordaland og forskrift 9. desember 2019 nr. 2187 om høgare yrkesfagleg utdanning ved Fagskulen i Sogn og Fjordane § 2-1 – § 2-10.



# Studieforskrift for Fagskulen i Vestland

## Kapittel 1. Generelle føresegner

### § 1-1. Heimel og verkeområde

- (1) Styret ved Fagskulen i Vestland har med heimel i lov 8. juni 2018 nr. 28 om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) § 21 vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til eksamen, prøver og anna arbeid ved Fagskulen i Vestland.
- (2) Forskrifta regulerer også tilhøve knytt til mellom anna studierett, disiplinære sanksjonar, klagerett og klagehandsaming.
- (3) Forskrifta gjeld for personar som har studierett og status som student ved Fagskulen i Vestland.

### § 1-2. Forholdet til anna lovverk

- (1) For studentar ved Fagskulen i Vestland gjeld lov 8. juni 2018 nr. 28 om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) med tilhøyrande forskrifter.
- (2) Formålet med studieforskrift for Fagskulen i Vestland er å gi studentane utfyllande reglar og informasjon knytt til tilhøve ved Fagskulen i Vestland.
- (3) Lov og forskrift gitt av lovgivar eller NOKUT skal ved motstrid gå framfor føresegner gitt i denne forskrifta.

## Kapittel 2. Studierett, progresjon og permisjon

### § 2-1. Studierett

- (1) Studierett er ein rett knytt til det å vere teken opp som student ved eit studium eller eit emne, og ha status som student. Ved krav om betalt semester- eller studieavgift ved fagskulen må denne vere innfridd for å utløyse studierett. Studierett gir rett til å følge lukka undervisning, eventuelt praksis, kurs og seminar og til å gå opp til eksamen i samsvar med gjeldande studieplan.
- (2) Studieretten er knytt til utdanninga eller emnet på den studiestaden studenten har fått opptak til.
- (3) Følgande gjeld for studierettens lengde:
  - a. Ved opptak til ei utdanning blir studenten tildelt studierett med ei varigheit lik normert studietid for utdanninga.

- b.** Ein student som er tatt opp til ei utdanning med mellom eitt og tre års studietid, kan etter avtale få fastsett ein avvikande studieplan, med utvida studierett på inntil eitt år utover normert studietid.
- (4)** Når studieretten ved ei utdanning er brukt opp etter § 2-1 (3) bokstav a eller b, mister studenten automatisk alle rettar knytt til det å vere teken opp som student. Studenten må søke nytt opptak for eventuelt å fullføre utdanninga.
- (5)** Studieretten fell automatisk bort når studieprogrammet eller emnet er fullført og bestått.
- (6)** Ein student som har fullført ei utdanning, har rett til å forbetre karakteren i inntil eitt år etter at utdanninga er fullført.
- (7)** Når ein student ikkje fullfører studiet eller emnet innan normert studietid, og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i studieplanen, gjeld retten til å fullføre etter den opphavelige studieplanen i eitt år etter at endringa blei gjort gjeldande.

## § 2-2. Krav til studieprogresjon

- (1)** Ved dei *maritime* fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emne det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før fristen for kontinuasjonseksamen har gått ut.
- (2)** Dei *helsefaglege* utdanningane er emnestrukturerte, og dei ulike emna byggjer på kvarandre. Ein student må derfor ha bestått eitt emne for å kunne fortsette i studiet på det neste. Alle emna og praksis må vere bestått før studenten kan ta avsluttande eksamen. Ved særskilte høve kan rektor gi dispensasjon til å utsette eller ta opp igjen emne etter søknad frå studenten.
- (3)** Ved dei *tekniske og andre* fagskuleutdanningane kan studenten ikkje ha stroke i meir enn eitt emne for å kunne gå vidare med utdanninga. Det er ikkje mogleg å utsette eitt emne fullt ut til året etter, med mindre det føreligg særskilte tilhøve. Ved særskilte tilhøve kan rektor gi dispensasjon til å utsette eller ta opp igjen emne etter søknad frå studenten.
- (4)** Ved tap av rettar har studenten klagerett. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

## § 2-3. Tap av studierett

- (1)** Ein student som etter § 3-3 i denne forskrifta har brukt opp alle forsøka i eit emne, ein eksamen eller praksisperiode utan godkjent resultat, og slik blir stoppa av progresjonskravet i § 2-2, taper studieretten ved fagskulen.
- (2)** Ein student som har tapt studieretten får først tildelt nye forsøk i eit emne, ein eksamen eller praksisperiode ved eit eventuelt nytt opptak til same utdanning.

- (3) Ved tap av rettar har studenten klagerett. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

## **§ 2-4. Permisjon**

- (1) Ein student kan søke om permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det nødvendig, for eksempel ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på eitt studieår. I ekstraordinære tilfelle kan permisjonen bli forlenga med ytterlegare eitt år.
- (2) Ein student som får barn eller adopterer barn under studiet, har rett til permisjon frå studiet under svangerskap og til omsorg for barn. I permisjonsperioden beheld studenten sin status som student, og har rett til å gjenoppta utdanninga på same nivå som før permisjonen, jf. fagskoleloven § 28 første ledd.
- (3) Ein student som er gravid har rett til utsett eksamen viss eksamensdatoen er i perioden mellom tre veker før fastsett termin dato og seks veker etter fødsel. Ein student som blir far, har rett til utsett eksamen viss eksamensdatoen er innanfor to veker etter fødselen. Rett til utsett eksamen gjeld tilsvarande ved adopsjon, jf. fagskoleloven § 28 første og tredje ledd.
- (4) Fagskulen i Vestland skal så langt det er praktisk mogleg og rimeleg legge til rette for at studentar i permisjon i samanheng med fødsel og omsorg for barn kan gjenoppta utdanninga så raskt som mogleg etter avslutta permisjon, jf. fagskoleloven § 28 andre ledd.

## **§ 2-5. Studentorgan og studentrepresentasjon**

- (1) Studentane ved ein fagskule kan opprette studentorgan som skal ta vare på deira interesser og fremje deira synspunkt. Studentar ved den einskilde avdelinga ved ein fagskule kan opprette studentorgan på tilsvarande måte, jf. fagskoleloven § 14 første ledd.
- (2) Styret ved fagskulen skal legge forholda til rette slik at studentorgana kan drive sitt arbeid på ein tilfredsstillande måte, jf. fagskoleloven § 14 andre ledd.
- (3) Studentorgana skal høyrast i alle saker om angår studentane, jf. fagskoleloven § 14 tredje ledd.
- (4) Studentar skal vere representert i alle kollegiale organ som er tildelt avgjerdsmynde ved ein fagskule, jf. fagskoleloven § 14 fjerde ledd.

## **Kapittel 3. Vurdering og eksamen**

### § 3-1. Vurdering og arbeidskrav

- (1) Prøving og vurdering av studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse blir gjennomført på ein slik måte at fagskulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdere i kva grad studenten har nådd læringsutbyttet i studieplanen for utdanninga, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.
- (2) Følgande vurderingsformer blir nytta ved Fagskulen i Vestland:

Skriftleg skuleeksamen	Skriftleg, individuell eksamen arrangert i eksamenslokale under tilsyn, med fastsett tid for utlevering av oppgåve og innleveringsfrist. Eksamen kan gjennomførast på papir eller digitalt.
Munnleg eksamen	Munnleg eksamen der studenten/-ane blir eksaminerte av minimum to sensorar.
Praktisk eksamen	Vurderingsform der studenten skal løyse praktiske oppgåver. Eksamen kan bli gitt individuelt eller i grupper, og kan inkludere element av skriftleg og/eller munnleg eksaminasjon.
Mappevurdering	Vurderingsform med rettleiing undervegs der emnekarakteren blir fastsett på grunnlag av innleveringar som kan etterprøvast, prøver eller andre produkt som blir samla i ei mappe. Innhaldet kan samlast over tid og må vere fullført til fastsett frist.
Heimeeksamen	Skriftleg eksamen der studentane blir tildelt oppgåve på eit fastsett tidspunkt, og med fastsett frist for innlevering. Heimeeksamen kan vere individuell eller i gruppe.
Hovudprosjekt	Hovudprosjekt er eit eige emne som blir gjennomført mot slutten av studiet. Studentar arbeider med ei problemstilling og leverer ein rapport. Hovudprosjektet blir avslutta med ein munnleg og skriftleg eksamen.
Praksis	Praksis er ein del av utdanninga som førgår i eit relevant yrkesfelt med rettleiing og avsluttande vurdering.

- (3) Styret kan gi utfyllande forskrift om tilhøve som er spesielle for den einskilde eksamen, jf. fagskoleloven § 21 femte ledd.
- (4) Arbeidskrav i undervisning og praksis skal gå fram av studieplanen, samt kva krav som dannar grunnlag for ein emnekarakter.
- (5) Det er eit generelt krav om frammøte til undervisninga ved alle utdanningar ved Fagskulen i Vestland. Utfyllande reglar om frammøte er gitt i studieplanane.

## § 3-2. Karakterskala og vurderingsuttrykk

(1)

<i>Nynorsk</i>		
<i>Symbol</i>	<i>Nemning</i>	<i>Generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium</i>
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Studenten syner særleg god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrækkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende.
F	Ikkje bestått	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar minimumskrava. Studenten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

<i>Bokmål</i>		
<i>Symbol</i>	<i>Betegnelse</i>	<i>Generell, ikke fagspesifikk beskrivelse av vurderingskriterier</i>
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Studenten viser svært god vurderingsevne og stor grad av selvstendighet.
B	Meget god	Meget god prestasjon. Studenten viser meget god vurderingsevne og selvstendighet.
C	God	Jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder. Studenten viser god vurderingsevne og selvstendighet på de viktigste områdene.
D	Nokså god	En akseptabel prestasjon med noen vesentlige mangler. Studenten viser en viss grad av vurderingsevne og selvstendighet.
E	Tilstrekkelig	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskravene, men heller ikke mer. Studenten viser liten vurderingsevne og selvstendighet.
F	Ikke bestått	Prestasjonen tilfredsstillar ikke de faglige minimumskravene. Studenten viser både manglende vurderingsevne og selvstendighet

## Engelsk

### *Symbol Description General, qualitative, non-subject specific description of the assessment valuation criteria*

A	Excellent	An excellent performance, clearly outstanding. The student demonstrates excellent judgement and a high degree of independent thinking.
B	Very Good	A very good performance. The student demonstrates sound judgement and a very good degree of independent thinking.
C	Good	A good performance in most areas. The student demonstrates a good degree of judgment and independent thinking in the most important areas.
D	Satisfactory	A satisfactory performance, but with significant shortcomings. The student demonstrates a limited degree of judgement and independent thinking.
E	Sufficient	A performance that meets the minimum criteria, but no more. The student demonstrates a very limited degree of judgement and independent thinking.
F	Fail	A performance that does not meet the minimum criteria. The student demonstrates an absence of both judgement and independent thinking.

- (2) Ved enkelte emne kan vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått» nyttast, jf. fagskoleforskriften § 40. Kva for emne dette gjeld går fram av studieplanen. Vurderingsuttrykket «bestått – ikkje bestått» er eit sjølvstendig vurderingsuttrykk utan samanheng med den graderte karakterskalaen A – F.
- (3) Ved enkelte maritime konvensjonsemne kan vurderingsuttrykket «passed – not passed» nyttast. Kva for emne dette gjeld går fram av studieplanen. Vurderingsuttrykket «passed – not passed» er eit sjølvstendig vurderingsuttrykk utan samanheng med den graderte karakterskalaen A – F.

### § 3-3. Rett til å gå opp til eksamen

- (1) Studentar som er tatt opp til eit emne eller eit studium ved Fagskulen i Vestland, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøver som høyrer til emnet eller studiet. Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved Fagskulen i Vestland.
- (2) I kvart emne er det fastsett særskilde arbeidskrav som må vere fullført og bestått før eksamen kan gjennomførast. Slike særskilde arbeidskrav kan vere prøver, innleveringar, praksis eller krav om obligatorisk frammøte. Nærmare opplysningar om dette blir gitt i studieplanen.
- (3) Studentar som ikkje oppfyller eller består alle arbeidskrava i eitt eller fleire tema, har ikkje rett til å gå opp til eksamen i det aktuelle emnet. Studenten blir rekna for å ha avlagt eitt teljande forsøk om eksamen ikkje kan gjennomførast grunna manglande arbeidskrav.

- (4) Studentar som følgjer normalt studieår, blir automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er tre veker før eksamensdato. Denne fristen gjeld også for studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen.
- (5) Ein student har rett til å framstille seg for eksamen i same emne opptil tre gonger. Studenten er å rekne som møtt til eksamen dersom han eller ho:
  - a. trekker seg etter fristen for å melde seg av
  - b. trekker seg under eksamen
  - c. ikkje møter, eller
  - d. ikkje leverer svar.
- (6) Gyldig fråværsårsak ved eksamen er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg, og seinast innan tre vekedagar etter eksamen.
- (7) Fagskulen i Vestland ved rektor kan etter søknad frå studenten gi dispensasjon for eit fjerde forsøk, dersom særskilde tilhøve ligg føre.
- (8) Fagskulen i Vestland ved rektor kan etter søknad frå studenten innvilge gjennomføring av ny praksisperiode, dersom denne ikkje er bestått ved første forsøk. Studenten kan klage på vedtak om ikkje bestått praksisperiode. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.
- (9) Når ein student har tatt eksamen på nytt, gjeld den beste karakteren.

### § 3-4. Tilrettelegging ved eksamen eller prøve

- (1) Studentar som av medisinske eller andre grunnar har behov for tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen eller prøve, kan etter søknad til rektor få innvilga eigna individuell tilrettelegging, jf. fagskoleloven § 15 femte ledd.
- (2) Ei tilrettelegging har som formål å vege opp for ulemper som sjukdom, skade eller funksjonshemming, slik at studentane i størst mogleg grad blir prøvd likt. Tilrettelegginga skal likevel vere slik at prestasjonen blir vurdert etter vanlege faglege kriterium, jf. fagskoleloven § 15 femte ledd.
- (3) Søknad om tilrettelegging må framsettast seinast tre veker før eksamen eller prøve. Dersom det oppstår akutte behov for tilrettelegging, kan det gjerast unntak frå søknadsfristen.
- (4) Ein søknad om tilrettelegging må innehalde dokumentasjon frå sakkyndig instans, med skildring av behovet for tilrettelegging i eksamens- eller prøvesituasjonen. Sakkyndig instans kan vere lege, logoped eller psykolog. Det skal normalt søkast om tilrettelegging for kvart semester, men unntak frå dette kan bli gjort dersom grunnlaget for tilrettelegginga er av permanent karakter.

- (5) Tilrettelegging ved eksamen eller prøve kan vere fysisk tilrettelegging for studenten, særskilte hjelpemiddel, utvida tid eller alternativ eksamensform i særlege tilfelle.
- (6) Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det bli gitt utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid, likevel ikkje utover 1 time.
- (7) Studenten kan klage på avslag om tilrettelegging ved eksamen eller prøve. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

### **§ 3-5. Sensur**

- (1) Styret ved Fagskulen i Vestland delegerer rektor mynde til å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet inngår i vitnemålet eller blir rekna inn i karakter for utdanninga. Studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse skal vurderast på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte, jf. fagskoleloven § 21 første og andre ledd.
- (2) Eksamensplanen for Fagskulen i Vestland skal vere tilgjengeleg for studentane tre månadar før eksamen blir gjennomført. Eksamensplanen seier når og kvar det ligg føre sensur, og fagskulen skal ha rutinar som gjer studentane kjent med denne.
- (3) Sensur skal liggje føre innan tre veker etter at eksamen, prøve, oppgåve eller anna arbeid er gjennomført, dersom ikkje særlege årsaker gjer det naudsynt å bruke meir tid. Ved sensurfrist på meir enn tre veker skal studentane varslast om dette. Styret sjølv kan gjere unntak for enkelteksamenar og fastsetje lengre frist om det ikkje er mogleg å skaffe det tal med kvalifiserte sensorar som er naudsynt for å avvikle sensuren på tre veker, jf. fagskoleloven § 21 tredje ledd.
- (4) Ved ny sensur grunna klage på karakterfastsetting eller klage på formelle feil ved eksamen, jf. fagskoleloven § 22 og § 23, blir éin eller fleire sensorar nytta. Minst éin sensor skal vere ekstern. Om ein karakter er fastsett på bakgrunn av både skriftleg og munnleg prøve, og karakteren blir endra etter ny sensur av den skriftlege delen, skal det gjennomførast ny munnleg prøve for å fastsette endeleg karakter, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.
- (5) Karakteren kan endrast i favør eller disfavør av den som klagar, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

### **§ 3-6. Grunngeving for karakterfastsetting**

- (1) Ein student har rett til grunngeving for karakterfastsetting, jf. fagskoleloven § 22 første ledd.
- (2) Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngeving setjast fram straks etter at karakteren er kunngjort. Dersom karakteren blir kunngjort elektronisk, må krav om grunngeving setjast fram innan éi veke. Ved anna kunngjering av karakter må krav om grunngeving normalt



setjast fram innan éi veke etter at studenten fekk kjennskap til karakteren, men likevel ikkje seinare enn tre veker etter at karakteren blei kunngjort, jf. fagskoleloven § 22 første ledd.

- (3) Grunngeving kan vere munnleg eller skriftleg, og skal normalt vere gitt innan to veker etter at studenten har sett fram krav om det. Om grunngeving ikkje kan bli gitt innan to veker, skal studenten varslast om dette. I grunngevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og for vurderinga av studenten sin prestasjon. Dersom det er gitt skriftlege retningslinjer for vurderinga, skal desse vere tilgjengelege for studentane etter at karakteren er fastsett, jf. fagskoleloven § 22 andre og tredje ledd.
- (4) Ein student kan klage skriftleg over karakteren innan tre veker etter kunngjeringa av denne. Om studenten har sett fram krav om grunngeving innan fristen i § 3-6 (2), blir klagefristen rekna frå det tidspunktet studenten har motteke grunngevinga for karakterfastsettinga, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd. Studentar blir oppmoda om å be om grunngeving før klage blir framsett, men dette er ikkje eit krav. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

### **§ 3-8. Fusk og forsøk på fusk**

- (1) Det blir vurdert som fusk om ein student ulovleg samarbeider med enkeltpersonar eller grupper, nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen, prøve eller innlevering, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av Fagskulen i Vestland. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk er tilgjengeleg på heimesida til Fagskulen i Vestland.
- (2) Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved Fagskulen i Vestland for vidare handsaming. Studenten skal ha høve til å velje om han eller ho ønsker å avbryte eller fortsette eksamen eller prøve. Det same gjeld for studentar som har hjulpet andre til fusk.

### **§ 3-9. Annullering ved fusk eller forsøk på fusk**

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere resultatet av ein eksamen, prøve eller liknande eller godkjenning av eit emne, og vedta eventuelle disiplinære sanksjonar, dersom ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska, eller forsettleg har forsøkt å fuske, i samband med eksamen, prøve eller liknande, eller under gjennomføring av emne, jf. fagskoleloven § 24 andre ledd.
- (2) Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til Fagskulen i Vestland. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje blir levert tilbake til fagskulen i rett tid, kan fagskulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.

- (3) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gi melding om annullering til vedkomande mynde.
- (4) Ein student kan klage på eit vedtak om annullering etter § 3-9 (1) til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleloven § 24 fjerde ledd. Ved avgjersle om annullering av eksamen gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.
- (5) Høve til annullering blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.

### § 3-10. Annullering på anna grunnlag

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere eit resultat, og vedta eventuelle disiplinære sanksjonar, dersom ein student har brukt falskt vitnemål eller anna falske dokument eller har opptreidd uærleg på annan måte, og slik fått tilgang til å gjennomføre eksamen, prøve eller anna arbeid som blir vurdert med karakter. Den lokale klagenemnda kan også annullere godkjenning av emne dersom ein student på tilsvarande urettmessig grunnlag har fått rett til å studere ved Fagskulen i Vestland, jf. fagskoleloven § 24 første ledd.
- (2) Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til Fagskulen i Vestland. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje blir levert tilbake til fagskulen i rett tid, kan fagskulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.
- (3) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gi melding om annullering til vedkomande mynde.
- (4) Ein student kan klage på eit vedtak om annullering etter § 3-10 (1) til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleloven § 24 fjerde ledd. Ved avgjersle om annullering av eksamen gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.
- (5) Høve til annullering blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.

### § 3-11. Godskriving og fritak

- (1) Etter søknad frå ein student skal Fagskulen i Vestland godskrive tidlegare beståtte emne frå andre akkrediterte fagskoleutdanningar som oppfyller dei faglege krava for emna det blir søkt om godkjenning for, dersom dei aktuelle fagskoleutdanningane ligg innanfor det same fagområdet eller nærliggande fagområde. Det blir ikkje gitt dobbel utteljing for det same faginnhaldet, jf.

fagskoleloven § 8 første ledd. Med dette meiner ein til dømes at eit emne ikkje kan gi uttelling på fleire vitnemål.

- (2) Etter søknad frå ein student kan Fagskulen i Vestland også gi fritak for emne på grunnlag av anna dokumentert relevant utdanning og kompetanse, eller dokumentert realkompetanse, jf. fagskoleloven § 8 andre ledd.
- (3) Utgangspunktet for vurderinga av godskriving og fritak er omtale av læringsutbytte eller studieplan, studiepoeng eller andre vurderingar av omfang, nivå og arbeidsbelastning for utdanninga, emnet eller kompetansen det blir søkt om godskriving eller fritak for, jf. fagskoleforskriften § 37 (1).
- (4) Fritak skal bygge på ei fagleg vurdering frå den enkelte fagskule. Fritak på grunnlag av realkompetanse etter § 3-11 (2) er basert på ei fagleg vurdering av om den heilskaplege kompetansen til søkaren samla kan gi grunnlag for fritak for ein del av fagskuleutdanninga. Slik kompetanse kan vere opparbeidd gjennom arbeidsliv, frivillig sektor, utdanning og/eller anna, dvs. formell, ikkje-formell og uformell kompetanse, jf. fagskoleforskriften § 37 (2).
- (5) Spesielt for maritim utdanning: Det kan etter søknad bli gitt godskriving og fritak i emne som inngår i opplæringstilbodet dersom søkaren tidlegare har bestått sluttvurdering etter plan for skipsoffiserutdanninga i fagskulen, eller dersom vedkommande har gyldig sertifikat som skipsoffiser klasse 4 eller høgare. Det kan ikkje bli gitt fritak for emne underlagt forskrift om kvalifikasjonar og sertifikat for sjøfolk der eksaminasjonen er eldre enn fem år når studenten ville vore ferdig med si fagskuleutdanning, jf. forskrift om kvalifikasjonar og sertifikat for sjøfolk § 18-1.
- (6) Søknad om godskriving eller fritak må leverast til Fagskulen i Vestland innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i utdanninga, emnet eller kompetansen som studenten ønsker å søke godskriving eller fritak for, nærmare bestemt:
  - a. vitnemål/karakterutskrift/realkompetansevurdering
  - b. oversikt over kva tema som inngår i emnet
  - c. oversikt over læringsutbytteomtale av emnet eller studieplan, og
  - d. eventuelle andre relevante dokument.
- (7) Ved avgjersle om godskriving og fritak gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Vedtak om godskriving av og fritak for emne blir fatta av rektor ved Fagskulen i Vestland, og studenten kan klage til den lokale klagenemnda, jf. fagskoleloven § 8 tredje ledd, jf. § 20. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

### **§ 3-12. Annullering av godskriving og fritak**

- (1) Den lokale klagenemnda ved Fagskulen i Vestland kan annullere godkjenning eller fritak etter § 3-11 dersom ein student har fått slik godkjenning eller fritak ved å

nytte eit falskt vitnemål eller andre falske dokument, eller ved å opptre utilbørleg på annan måte, jf. fagskoleloven § 24 tredje ledd.

- (2) Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til Fagskulen i Vestland. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje blir levert tilbake til fagskulen i rett tid, kan fagskulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.
- (3) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gi melding om annullering til vedkomande mynde.
- (4) Ein student kan klage på eit vedtak om annullering etter § 3-12 (1) til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleloven § 24 fjerde ledd. Ved avgjersle om annullering av godkjenning og fritak gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.
- (5) Høve til annullering blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.

### **§ 3-7. Gjennomføring av eksamen etter avbrote studium**

Ein student som har avbrote ordinært studieprogram, og kjem tilbake ved eit seinare høve for å fullføre utdanninga, må inngå skriftleg avtale med Fagskulen i Vestland om kva for eksamenar som skal gjennomførast.

### **§ 3-13. Vitnemål og karakterutskrift**

- (1) Fagskulen i Vestland skal utdele vitnemål til studentar som fullfører og består ei fagskuleutdanning, jf. fagskoleloven § 19 første ledd.
- (2) Studentar som ikkje har fullført, eller som har fullført, men ikkje bestått heile fagskuleutdanninga, kan be om ei karakterutskrift som viser fullførte og beståtte emne, prøver og andre vurderingar studenten har fått, jf. fagskoleloven § 19 første ledd.
- (3) Vitnemålet skal blant anna innehalde:
  - a. oppnådd grad
  - b. overordna læringsutbytte
  - c. karaktersystemet som blir nytta
  - d. emna som inngår i utdanninga
  - e. omfang av emna og oppnådd karakter
  - f. totalt oppnådde studiepoeng
  - g. omtale av eventuell praksis
  - h. tittel og omtale av hovudprosjekt eller fordjupingsemne, og
  - i. nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR).

- (4) Om ein student får godkjent søknad om fritak av emne, skal dette gå fram av vitnemålet, med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det blir referert til.
- (5) Det er normalt den siste fagskulen som har ein student før fullført utdanningsløp som har ansvaret for å skrive ut vitnemålet. For at ein student som har fått innvilga godkjenning eller fritak av emne skal få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved Fagskulen i Vestland, må likevel minst 30 av studiepoenga som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskulen i Vestland, jf. fagskoleforskriften § 38.
- (6) Ved dei maritime fagskuleutdanningane skal vitnemål skrivast på engelsk.

## Kapittel 4. Disiplinære sanksjonar

### § 4-1. Bortvising og utestenging

- (1) Definisjon:
  - a. *Bortvising*: Betyr at studenten til dømes kan nektast tilgang til bestemte område eller i bestemte samanhengar, men inneber ikkje at studenten blir fråteken retten til å gå opp til eksamen.
  - b. *Utestenging*: Inneber at studenten mister retten til å gå opp til eksamen.
- (2) Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentatte gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak fatta av den lokale klagenemnda bli vist bort frå fagskulen i inntil eitt år, jf. fagskoleloven § 25 første ledd, jf. § 20 første ledd.
- (3) Dersom ein student på trass av skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år, jf. fagskoleloven § 25 andre ledd, jf. § 20 første ledd.
- (4) Dersom ein student har skapt fare for liv eller helse, eller har oppført seg grovt usømmeleg overfor nokon studenten har møtt i samband med undervisning eller praksisopplæring, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisopplæring i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt, jf. fagskoleloven § 25 tredje ledd, jf. § 20 første ledd.
- (5) Dersom ein student har nytta falsk vitnemål, andre falske dokument eller vist anna form for ureieleg framferd, eller har fuska eller forsøkt å fuske, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå all utdanning ved fagskulen i inntil eitt år. Det same gjeld dersom ein student forsettleg har medverka til fusk, jf. fagskoleloven § 25 fjerde ledd, jf. § 20 første ledd.

- (6) Eit vedtak om bortvising eller utestenging av ein student skal fattast med minst to tredels fleirtal i den lokale klagenemnda. Rektor ved Fagskulen i Vestland kan fatte midlertidig vedtak om bortvising dersom avgjerd i saka ikkje kan vente til den lokale klagenemnda kan kome saman i møte, jf. fagskoleloven § 25 første ledd, jf. § 12 andre ledd.
- (7) Ved avgjersle om bortvising eller utestenging gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonalt klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleloven § 25 femte ledd. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

#### **§ 4-2. Forbod mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet**

- (1) Studentar og tilsette skal ikkje nytte klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet i samband med undervisning eller tilsvarande, inkludert på turar, ekspedisjonar og liknande, jf. fagskoleloven § 43 første ledd.
- (2) Dersom ein student på trass av skriftleg varsel har nytta klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet i strid med første ledd, kan rektor eller den rektor gir mynde til, vedta å vise bort studenten i inntil eitt år. Ved avgjersle om bortvising gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Studenten kan klage på vedtaket til den lokale klagenemnda jf. fagskoleloven § 43 andre ledd, jf. § 20 første ledd. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.
- (3) Dersom ein student på trass av skriftleg varsel ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Ved avgjersle om utestenging gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Studenten kan klage på vedtaket til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleloven § 43 andre ledd, jf. § 20. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

#### **§ 4-3. Skikkavurdering**

- (1) Ei skikkavurdering er ei kontinuerleg vurdering gjennom studieløpet av om ein student har dei nødvendige forutsetningane for å kunne utøve eit bestemt yrke, jf. fagskoleforskriften § 26, jf. § 28. Ein student er uskikka dersom eitt eller fleire av kriteria i fagskoleforskriften § 29 er oppfylt.
- (2) Ei skikkavurdering skal gjerast ved alle utdanningar der studenten under utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere ein fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse eller rettar og tryggleik til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar, jf. fagskoleforskriften § 27 (1), jf. § 26.
- (3) Fagskoleutdanningar ved Fagskulen i Vestland som er omfatta av reglane om skikkavurdering er:
  - a. Psykisk helsearbeid og rusarbeid
  - b. Psykisk helsearbeid

- c. Spesialreinhald og steriltforsyning i helsetenesta
  - d. Rehabilitering
  - e. Rus og avhengigheitsproblematikk
  - f. Kreftomsorg og lindrande pleie
  - g. Møtet mellom teknologi og omsorg – muligheter og utfordringer knyttet til velferdsteknologi
  - h. Velferdsteknologi, digitalisering og e-helse
  - i. Implementering av velferdsteknologi i helse- og omsorgstjenesten – helsefagarbeiderens nye rolle
- (4) Fagskulen har plikt til å underrette studentane om at skikkavurdering vil finne stad ved utdanningar der dette er eit krav, og sørge for at studentane får informasjon om reglane for skikkavurdering, jf. fagskoleforskriften § 30.

#### **§ 4-4. Melding om tvil og behandling hos skikkaansvarleg**

- (1) Ved tvil om ein student er skikka, skal dette meldast skriftleg til skikkaansvarleg ved fagskulen, jf. fagskoleforskriften § 33 (1).
- (2) Den som leverer melding om tvil, er ikkje sjølv part i saka, jf. fagskoleforskriften § 33 (1).
- (3) Studenten skal ha skriftleg varsel om at det ligg føre tvil om vedkomande er skikka for yrket, og at han vil bli innkalla av skikkaansvarleg til ei vurderingssamtale. Studenten skal få tilbod om ei utvida oppfølging og rettleiing, med mindre det er klart at slik oppfølging og rettleiing ikkje er eigna til å hjelpe studenten. Praksisperiodar kan bli utsett frå det tidspunktet ei melding om tvil er motteke og fram til utvida oppfølging og rettleiing er avslutta, eller til saka er avgjort, jf. fagskoleforskriften § 34 (1).
- (4) Om utvida oppfølging og rettleiing ikkje fører til naudsynt endring og utvikling hos studenten, skal skikkaansvarleg fremje saka for skikkanemnda, jf. fagskoleforskriften § 34 (3).

#### **§ 4-5. Behandling i skikkanemnda**

- (1) Studenten skal varslast i god tid om tidspunkt for møte i skikkanemnda, og bli gjort kjent med opplysningane i saka. Studenten skal ha høve til å leggje fram sine synspunkt for skikkanemnda før møtet, jf. fagskoleforskriften § 35 (2).
- (2) Skikkanemnda lagar ei innstilling til den lokale klagenemnda ved fagskulen med ei vurdering av om studenten er skikka eller ikkje, om studenten bør stengast ute heilt eller delvis frå den aktuelle utdanninga, samt lengda på utestengingsperioden og eventuelle vilkår for at studenten skal få starte opp igjen ved utdanninga, jf. fagskoleforskriften § 35 (3).

## **§ 4-6. Behandling i lokal klagenemnd**

- (1) Det er den lokale klagenemnda ved fagskulen, som på bakgrunn av innstilling frå skikkanemnda, fattar vedtak om at ein student ikkje er skikka. Ein student som ikkje er skikka, får ikkje vitnemål for utdanninga, jf. fagskoleforskriften § 36 (1).
- (2) Ein student som ikkje er skikka, kan stengast ute frå utdanninga, dersom den lokale klagenemnda ved fagskulen fattar særskilt vedtak om dette. Den lokale klagenemnda kan vedta at studenten skal stengast ute frå utdanninga i inntil fem år. Vedtak om at studenten ikkje er skikka for eit yrke, og eit vedtak om utestenging på dette grunnlag, skal fattast med minst to tredels fleirtal. jf. fagskoleloven § 26 tredje og fjerde ledd.
- (3) Dersom perioden for vedteken utestenging er kortare enn fem år, kan den lokale klagenemnda stille vilkår som må vere oppfylt før utdanninga kan starte opp igjen, jf. fagskoleforskriften § 36 (2).
- (4) Eit vedtak om utestenging skal informere studenten om at han/ho ikkje kan søke eller ta imot plass ved liknande utdanningar i perioden for utestenging, og at studenten må søke nytt opptak dersom utdanninga skal takast opp igjen etter perioden, jf. fagskoleforskriften § 36 (3).
- (5) Ved avgjersle om skikkavurdering og eventuell utestenging gjeld forvaltningsloven kapittel III – VI og VIII, jf. fagskoleloven § 39 andre ledd. Studenten kan klage på vedtak om skikkavurdering og eventuell utestenging til Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning, jf. fagskoleloven § 26 fjerde ledd, jf. § 20. Klage blir handsama nærmare i kapittel 5 i denne forskrifta.

## **§ 4-7. Forna vandelskontroll**

Forna vandelskontroll kan krevjast undervegs i utdanninga i samsvar med politiregisterloven § 43, jf. fagskoleforskriften § 22.

## **Kapittel 5. Klage og klagehandsaming**

### **§ 5-1. Klageinstans**

- (1) Den lokale klagenemnda ved Fagskulen i Vestland handsamar klager på enkeltvedtak som er gjort ved fagskulen, jf. fagskoleloven § 20 første ledd.
- (2) Klager på enkeltvedtak som blir handsama av den lokale klagenemnda ved Fagskulen i Vestland, er som følgjer:
  - a. formelle feil ved eksamen



- b. eksamen under særskilte vilkår
  - c. opptak på grunnlag av realkompetanse eller spesielle opptakskrav
  - d. fritak eller godskrivning av emne
  - e. tap av rettar, jf. § 2-3 og § 4-2 i denne forskrifta.
- (3) Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker som gjeld klage på fagskulen sine enkeltvedtak, kan ikkje klagast på, jf. fagskoleloven § 20 fjerde ledd.
- (4) Den lokale klagenemnda ved Fagskulen i Vestland fattar sjølv enkeltvedtak i saker om disiplinære sanksjonar etter fagskoleloven § 24 - § 27. Saker som lokal klagenemnd ved Fagskulen i Vestland kan avgjere, er:
- a. annullering av eksamen
  - b. bortvising
  - c. utestenging
  - d. skikkavurdering og utestenging på dette grunnlag
  - e. tap av rettar knytt til merknad i politiattest.
- (5) Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning er klageinstans for enkeltvedtak som er fatta av den lokale klagenemnda som første instans, jf. § 5-1 (4) i denne forskrifta. Det same gjeld for ordinært opptak gjennom Samordna opptak. Sjå nærare føresegner om opptak i forskrift om opptak ved Fagskulen i Vestland.

## § 5-2. Framgangsmåte og fristar

- (1) Ein klage skal vere skriftleg og sendast til Fagskulen i Vestland sitt postmottak ved rektor. Klagen skal innehalde:
- a. kven som klagar (namn og adresse)
  - b. vedtak/tilhøve det blir klaga over
  - c. kva klagen gjeld
  - d. dato og underskrift
- (2) Klageinstansen skal førebu og avgjere ei sak utan ugrunna opphald. I saker som gjeld enkeltvedtak, skal fagskulen gi førebels svar på saka, dersom saka ikkje kan svarast på innan ein månad etter at den er motteken, jf. forvaltningsloven § 11 a.
- (3) I saker som gjeld enkeltvedtak, kan vedtaket klagast på til den klageinstansen som er nærmast overordna den som har treft vedtaket (underinstansen), jf. forvaltningsloven § 28. Underinstansen skal først ta stilling til om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom slik grunn ikkje ligg føre, skal saka sendast til handsaming i overordna klageinstans, jf. forvaltningsloven § 33.
- (4) I saker som gjeld enkeltvedtak, har studenten rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka, jf. forvaltningsloven § 18.

## § 5-3. Klage på mappevurdering og emnekarakter

- (1) Studentar ved Fagskulen i Vestland har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøver og innleveringar som har betydning for avsluttande vurdering i eit emne, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd siste punktum.
- (2) Ein student kan klage skriftleg på karakter ved prøver eller innleveringar innan tre veker etter kunngjeringa av denne. Ved klage på endeleg karakter på mappevurdering eller emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga, og ikkje på enkeltstående prøver og innleveringar tilbake i tid.
- (3) Er det sett fram krav om grunngjeving for karakterfastsettinga eller klage over formelle feil innan fristen i fagskoleloven § 22 første ledd og § 23 første ledd, blir klagefristen rekna frå det tidspunktet studenten har motteke grunngjevinga eller endeleg avgjerd av klaga på formelle feil ligg føre, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd. Studentar blir oppmoda til å be om grunngjeving før klage blir framsett, men dette er ikkje eit krav.
- (4) Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har betydning for avsluttande vurdering i eit emne, skal det gjerast ei ny fagleg vurdering av ein annan part, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd. Ved klage på mappevurdering eller emnekarakter skal det gjerast ny vurdering av ein annan fagskule.
- (5) Ved ny sensur skal sensorane ikkje få kjennskap til den opphavlege karakteren det blir klaga på, grunngiving for karakteren eller klagar si grunngiving for klagen, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.
- (6) Ved klage over karakterfastsetting på vurdering av arbeid utført i gruppe, der ein får gruppekarakter, må alle gruppemedlemmene samla samtykke i og skrive under på klaga.
- (7) Karakteren kan endrast i favør eller disfavør av den som klagar, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.
- (8) Karakterfastsetting ved ny sensur kan ikkje klagast på, jf. fagskoleloven § 22 sjette ledd.

#### **§ 5-4. Klage på eksamensvurdering**

- (1) Ein student kan klage skriftleg på karakter ved eksamen innan tre veker etter kunngjeringa av denne. Er det framsett krav om grunngjeving for karakterfastsettinga eller klage over formelle feil innan fristen i fagskoleloven § 22 første ledd og § 23 første ledd, blir klagefristen rekna frå det tidspunktet studenten har motteke grunngjevinga eller endeleg avgjerd av klaga på formelle feil ligg føre, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.
- (2) Ved klage over karakterfastsetting ved ein eksamen skal det gjennomførast ny sensur, med éin eller fleire nye sensorar. Minst éin sensor skal vere ekstern, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.

- (3) Ved ny sensur skal sensorane ikkje få kjennskap til den opphavlege karakteren det blir klaga på, sensor si grunngiving for karakteren eller klagar si grunngiving for klagen, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.
- (4) Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av skriftleg og munnleg prøve, og klagar får medhald i ei klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan settast, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.
- (5) Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av sin art ikkje let seg etterprøve, kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen, jf. fagskoleloven § 22 femte ledd.
- (6) Karakteren kan endrast i favør eller disfavør av den som klagar, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.
- (7) Karakterfastsetting ved ny sensur kan ikkje klagast på, jf. fagskoleloven § 22 sjetten ledd.

#### **§ 5-5. Klage på formelle feil ved eksamen, prøve eller likande**

- (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, prøve eller liknande som blir vurdert med karakter, kan klage på formelle feil innan tre veker etter at studenten er blitt kjent med feilen, eller burde ha gjort seg kjent med denne, jf. fagskoleloven § 23 første ledd.
- (2) Klage på formelle feil skal sendast til Fagskulen i Vestland, og den lokale klagenemnda for fagskulen er klageinstans, jf. fagskoleloven § 23 første ledd.
- (3) Eit sensurvedtak skal opphevast dersom det er gjort feil som kan ha hatt noko å seie for studenten sin prestasjon, eller fagleg vurdering av prestasjonen. Dersom feilen kan rettast opp gjennom ny sensur, skal dette gjennomførast. Dersom feilen ikkje kan rettast opp gjennom ny sensur, skal det haldast ny eksamen, prøve eller liknande med nye sensorar, jf. fagskoleloven § 23 andre ledd.
- (4) Fagskulen eller den lokale klagenemnda kan bestemme at det skal gjennomførast ny sensur eller haldast ny eksamen, prøve eller liknande dersom det er gjort formelle feil som kan ha hatt innverknad på ein eller fleire studentar sin prestasjon eller fagleg vurdering av desse, jf. fagskoleloven § 23 fjerde ledd.

## **Kapittel 6. Ikraftsetjing og oppheving**

### **§ 6-1. Ikraftsetjing og oppheving**

Denne forskrifta trer i kraft ... og erstattar forskrift 28. november 2019 nr. 1613 om eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (forskrift for Fagskolen i Hordaland) og forskrift 9. desember 2019 nr. 2187 om høgare yrkesfagleg utdanning ved Fagskolen i Sogn og Fjordane (forskrift for Fagskolen Sogn og Fjordane)